

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



## Møtebok frå AU-møte 28. mai 2014

**Protokoll:** Møte i arbeidsutvalet  
**Møtedato:** 28.05.2014  
**Tid:** 12:30-13:45  
**Møteleiar:** Mona H. Hellesnes  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Referent:** Adelheid Nes

**Deltakarar:** Mona H. Hellesnes, Hans Erik Ringkjøb, Trond Johansen, Knut-Arne Gurigard og Adelheid Nes. Kjell Hansen og Lars Olsen deltok mot slutten av møtet.

**Forfall:** Filip Rygg (har gått av som byråd i Bergen, erstattar ikkje utnemnt enno)

### Sakliste:

- AU 16/14 Godkjenning av innkalling og sakliste  
AU 17/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møtet 17. mars 2014  
AU 18/14 Utgreiing Ringeriksbanen
- Kort oppsummering frå møta i samarbeidsgruppa og referansegruppa
  - Er det noko som tilseier at FNB bør foreta seg noko meir enn å delta i desse to gruppene i samband med utgreiingsarbeidet?
  - Den 15. juni vert det lagt fram ein delrapport som anbefalar om og kvar Ringeriksbanen kan gå i same korridor som E16. Diskusjon om kommunikasjonsplan.
- AU 19/14 KVV Arna-Voss
- Er det noko FNB bør foreta seg i samband med dette prosjektet no i næraste framtid? Kan sjåast opp mot retningslinjer for analysefasen framfor neste rulling av NTP og alternative utbyggingsstrategiar
- AU 20/14 FNB har bede om møte med Samferdselsminister Ketil Solsvik Olsen. Kort diskusjon om innhald og deltaking i dette møtet.
- AU 21/14 Handlingsplan for FNB dei næraste månadane
- AU 22/14 Kort om økonomisk status
- AU 23/14 Eventuelt

## **AU 16/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Møtet vart varsla på e-post 28. april. Innkalling og sakliste vart sendt ut 24. mai. Møtepapira vart sendt ut tysdag 27. mai, noko seint i høve til reglane.

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.*

## **AU 17/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møtet 17. mars på Oslo Plaza**

*Vedtak: Møtebok frå AU-møte 17. mars 2014 vart samrøystes godkjent.*

## **AU 18/14 Utgreiing Ringeriksbanen**

Adelheid gav ei kort oppsummering frå møta i samarbeidsgruppa og referansegruppa. Basert på framlegginga i desse møta synest det mest sannsynleg at SVV og JBV vil konkludere med at Ringeriksbanen og E16 kan gå i same korridor langs mesteparten av den vurderte strekninga dersom løysinga over Kroksund blir valt.

Punktvis oppsummering frå samarbeidsgruppa og referansegruppa:

- JBV og SVV samarbeider svært godt, og dette vert uttrykt frå begge sider.
- Arbeidet har så langt fokusert på dei kritiske punkta langs korridoren: Lokalisering av stasjon/haldeplass i Hønefoss, strekninga Hønefoss-Kroksund, Kryssing av Kroksund, og tilkopling i Sandvika.
  - I Hønefoss er det fire moglege lokaliseringalternativ for haldeplass/stasjon: Eksisterande Hønefoss stasjon, Hønegata, Tolpinrud og Hvervenmoen. Lokaliseringa vil ha stor innverknad på Hønefoss si framtidige byutvikling, og JBV poengterte i møta behovet for å ha eit langsiktig perspektiv på minst 50 år i dette spørsmålet. Det er moglege å tenkje seg ein kombinasjon av fleire av alternativa.
  - Strekninga Hønefoss-Kroksund er svært verdittett, og det er knytta verneinteresser til alle dei alternative korridorane. Hovudkonfliktområda er Steinsletta og Nordre Tyrifjord Våtmarksområde. Det vart i møta opplyst at det allereie er eksisterande inngrep i eitt av dei aktuelle kryssingspunkta over Storelva. Korridorane som vart presentert i møta tilsvare i prinsipp dei same som er presentert tidlegare for E16, bortsett frå den vestlegaste kryssinga ved Storelva som ikkje er konsekvensvurdert tidlegare.
  - Kryssing av Kroksund kan gjerast både med felles og delt løysing. Ei løysing med jernbanebru over Sundøya og vegbru lenger vest er aktuell. Stasjon/haldeplass i Hole kan lokaliserast ved Vik, eller ved Sundvollen. Lokaliseringa ved Sundvollen vil i prinsipp tilsvare den løysinga kommunen gjekk inn for i Åsa-alternativet.
  - Tilkopling i Sandvika med dagløyning på Jong gir best haldeplassløysing i Avtjernområdet, der Bærum kommune har eit nytt bustadområde under planlegging. Det føreligg også eit alternativ med tunell.
- JBV er tydelege på at dei er trygge på at dei vanskelege sakene vil finne si løysing, men at dette føreset gode prosessar med alle involverte partar.
- Vurderingane er basert på ein jernbanekurvatur for persontog. Godstrafikk vil med dette konseptet framleis gå over Roa-linja.

Konklusjonen om og evt. kvar det er hensiktsmessig med felles korridor skal overrekkast SD i ein delrapport 15. juni. I samband med denne overrekkinga skal det utarbeidast ein kommunikasjonsplan. Den må svare ut følgjande: Kva er budskapet, kven skal uttale seg, og i kva kanalar? Det er viktig at vi set agendaen for kva som skal bli diskusjonstemaet i media. Vi bør unngå at det er dei vanskelege vernesakene som får spalteplassen. Desse emna vert ikkje løyst i denne omgang uansett, men skal finne si løysing i den vidare planprosessen.

Vår budskap bør fokuserer på det positive, og må få fram dei sentrale budskapane som er:

- Rask framdrift
- Alternativ finansiering
- Nasjonal verdi

Dette kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Det er svært gledeleg at SVV og JBV med dette arbeidet har funne ei god samarbeidsform med felles konklusjon, og at dei har gjennomført arbeidet raskt og effektivt.
- Det er også svært gledeleg at vi er endå eit steg nærare realisering av Ringeriksbanen som første ledd i det store nasjonale prosjektet det er å løfte Bergensbanen opp som eit moderne og effektivt transportsystem mellom aust og vest.
- Det er svært viktig at dei nødvendige politiske avklaringane for vidare framdrift i prosjektet kjem raskt.
- Vår observasjon er at JBV og SVV har samarbeidd svært godt i denne prosessen, og det er mogeleg å gå i same korridor langs store delar av den vurderte strekkinga dersom traseen vert lagt om Kroksund. Dette betyr at det ligg godt til rette for at E16 og Ringeriksbanen kan bli eit pilotprosjekt for ein prosjektmodell med felles utbygging av veg og jernbane. Dette er svært gledeleg og positivt for Ringeriksbanen og Bergensbanen, og bekreftar det vi har sagt tidlegare: Ringeriksbanen er ein ypparleg kandidat for alternativ utbyggingsstrategi, for reduserte utbyggingskostnader og meir effektiv prosjektgjennomføring. (Vi ynskjer at dette skal bli den suksesshistoria regjeringa treng for sin politikk)
- Vi må halde fast på at vidare planlegging av Ringeriksbanen har som målsetning byggestart i 2018, og at den endelege utgreiinga må ha dette som føresetnad når vurderingane omkring planprosessen skal gjerast (dette er ein viktig del av det gjenstående utgreiingsarbeidet).
- I den grad vi uttalar oss om verneinteressene bør vi poengtere at dette skal løysast i den vidare planprosessen, og at vi er trygge på at gode løysingar vil finnast, og at dette også er signalisert i utgreiingsarbeidet som er gjort hittil. Men vi må anerkjenne at det vil bli krevjande, og at det må gjennomførast gode prosessar med alle involverte partar.

Det vart i møtet gitt tilslutning til at dette skal vere hovudtrekka i kommunikasjonen, men at det må tilpassast den faktiske rapporten som kjem den 15. juni.

*Vedtak: Adelheid utarbeider forslag til kommunikasjonsplan før framlegging av delrapport i utgreiingsarbeidet om Ringeriksbanen den 15. juni. Kommunikasjonsplanen blir utarbeida i samarbeid med Mona, Kjell og Lars, og skal innehalde tekst til pressemelding, kva for media som skal ha pressemelding, og kven som skal uttale seg.*

## **AU 19/14 KVV Arna-Voss**

KVV Arna-Voss vart levert SD 1. april, og vert no gjennomgått i ein KS1-prosess som skal ferdigstilt fram mot jul 2014. Bergensalliansen stiller seg heilt og fullt bak dette prosjektet, og vil også ta ei

aktiv rolle i den politiske oppfølginga. Dei vil ta kontakt med Hordaland Fylkeskommune med tanke på vidare samarbeid og oppfølging av prosjektet. Målet er å etablere eit breitt samarbeid og felles innsats for å sikre at Arna-Voss kjem inn i neste rullering av NTP.

*Vedtak: Basert på KSI rapport, og retningslinjene for analysefasen av neste rullering av NTP, vil FNB vurdere om det kan vere hensiktsmessig å få utarbeida egne analysar for å sikre Arna-Voss ein plass i NTP. Eit slikt analysearbeid bør vi søke å få gjort i samarbeid med andre aktørar, for eksempel Bergensalliansen og Bergen Næringsråd. Eit forslag til mogelege tema for ein slik analyse vil bli lagt fram i neste AU, og bør knyttast til innhald i, og framlegging av KSI-rapporten. Analyserabeidet kan gjerne omfatte heile Bergensbanen.*

## **AU 20/14 Innspel til møte med Samferdselsminister Ketil Solsvik Olsen**

FNB har bede om møte med Samferdselsminister Ketil Solsvik Olsen. Forespørselen er enno ikkje besvart, men det er antyda at møtet vil kunne finne stad tidleg haust (september).

*Vedtak: Adelheid og Mona følgjer opp og utarbeider plan for og presentasjon til møtet med Solsvik Olsen.*

## **AU 21/14 Handlingsplan for FNB dei næraste månadane**

Orientering:

Vedlagte presentasjon viser handlingsplan for FNB dei næraste månadane. Handlingsplanen er basert på vedtatt strategi for FNB, og er ei oppfølging av sak AU 15/14. Det vart gitt gode innspel i møtet på innhaldet i planen, og basert på dette vil handlingsplanen bli oppdatert og sendt ut til medlemmane i forumet.

## **AU 22/14 Kort om økonomisk status**

Orientering:

Vedlagt oversikt viser økonomisk status pr. april 2014. Rekneskapen viser at vi er innanfor gjeldande budsjett.

## **AU 23/14 Eventuelt**

### **Aust-vest-utgreiinga:**

Det er sendt innkalling til FNB for deltaking i innspelskonferansen i samband med «øst-Vest-Utredningen». Dette er ei utgreiing som SVV er i gong med i samband med det overordna NTP-arbeidet. Hensikten med utgreiinga er å analysere kva for betydning og funksjon dei ulike aust-vest-forbindelsane har i dag og fram mot 2050. Utgreiinga skal gje grunnlag for å foreslå ein strategi for utvikling av aust-vest forbindelsane og å prioritere mellom forbindelsane.

*Vedtak: Dette arbeidet er viktig for Forum Nye Bergensbanen og bør prioriterast. Adelheid avklarar med Mona deltaking på denne innspelskonferansen på vegne av forumet.*

### **KVU Riksveg 7 Hardangervidda:**

Det skal vere oppstart av KVVU for riksveg 7 over Hardangervidda 5. juni. Her bør Forum Nye Bergensbanen vurdere å delta. På lik linje med utgreinga nemnt over, er dette eit viktig arbeid som vedkjem forumet. Løysingane som vert valt på vegsida må sjåast i samanheng med Bergensbanen.

*Vedtak: Dette arbeidet er viktig for Forum Nye Bergensbanen og bør følgjast opp av forumet.*